



Førebyggjande helsearbeid i skulen

NAMN PÅ TILTAKET: Skulehelsetenesta på den enkelte skule	GJELD NIVÅ: 0-3
Aktuell aldersgruppe: 5-20 år	
Omfang: Skulehelsetenesta skal i samarbeid med personalet ved skulen, elevar, foreldre og andre samarbeidspartar skape ein helsefremjande skule gjennom å fremje eit godt lærings- og arbeidsmiljø med omsyn til helse, trivsel og sikring. Tiltaka gjeld heile skulemiljøet -fysisk og psyko-sosialt, innandørs og utandørs.	Kontaktperson i tenesta: Helsesjukepleiar ved din skule Leiande Helsesjukepleiar Liv Turid Steinsbø Halbmayr Tel: 53 42 33 35 Mob: 414 32 210 E-post: lhr@bomlo.kommune.no Fagansvarleg i skulehelsetenesta Anette A. Kallevåg Mob: 476 39 435 E-post: anette.kallevag@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: <ul style="list-style-type: none">• Vaksinasjon• Individuelle samtalar i 3. og 8. Klasse og ev oppfølgingssamtalar 3- 6 gonger• Undersøking førskulebarn som skal starte på skulen• Jente- og guttegruppe «pubertet» 5. og 6. klasse• Seminar « ungdom og seksualitet » 9. klasse• «overgong ungdomsskulen» 7. klasse• PIS grupper• Psykologisk fyrstehjelp i grupper og individuelt• Delta og følgje opp ansvarsgrupper der helsesøster er koordinator• Individuell oppfølging av enkeltelevar knytt til psykisk og fysisk helse	



NAMN PÅ TILTAKET: PIS-Grupper	GJELD NIVÅ: 1
Aktuell aldersgruppe: 6-16 år	
Omfang: Samtalegruppe for elevar som har skilte foreldre/to heimar 6 gonger - 1 gong pr veke i skuletida	Kontaktperson i tenesta: Helsesjukepleiar ved skulen barnet /ungdommen går Fagansvarleg i skulehelsetenesta Anette A. Kallevåg Mob: 476 39 435 E-post: anette.kallevag@bomlo.kommune.no
Omtale av tiltaket: PIS er eit førebyggjande hjelpetiltak for barn og ungdom i ein sårbar situasjon. Erfaring med slike samtalegrupper er at det er hjelp til sjølvhjelp - og hjelp til meistring. I samfunnet i dag er skilsmisse så vanleg at det er ei reell fare for at skilsmisse blir normalisert. Då kan me også fortrenge barna og ungdommen sine opplevingar. Skilsmisse er rett og slett vanleg, men vondt. Gruppene er tenkt som ei støtte og tilbod til barn, ungdom og foreldre i ein situasjon som kan vere vanskeleg for alle partar. Mange foreldre bekymrar seg i periodar under og etter skilsmissen for at dei ikkje har nok overskot til å ivareta barna sine behov for samtalar, trøyst og omsorg. Gjennom samvær med andre barn eller ungdom får dei hjelp til å få orden på tankar og følelsar omkring skilsmissen, uavhengig av om dette er lenge sidan. Det er viktig at barna kan kome fram til ei historie om skilsmissen som alle i familien kan leve med, og som gir meining og håp. Gruppene skal vere ein fristad, kor barna slepp å vere bunden av lojalitetsomsyn.	